



Desse tre har ingen planar om å reise heim att til Litauen frå Uskedalen. (Foto: Kvinnheringen)

Arunas Zemaitaitis (38), Jurgita Zemaitaitiene (28) og dottera Saule (5) flytta til Uskedalen for 4 år sidan og trivs så godt her at dei ikkje kjem til å flytta heim att.

Det gjer dei klart i eit intervju med Kvinnheringen.

Dei leiger tredje etasje og litt av første etasje i eit hus og drøyer om å kjøpa heile huset, men først må dei spara opp eigenkapital.

Saule går no i første klasse og har mange vener. Ho likar å sykla og lærer seg å spela piano og teikna.

Arunas starta LAN Bygg AS saman med Jurgita og søskenbarnet sitt.

I tillegg til 10 arbeidarar frå Litauen jobbar og broren til Arunas der og dei driv med alt frå flisleggjing, maling og tapetsering til snekring og renovering. Jurgita vaskar hus, jobbar på kontoret og litt i gardsbarnehagen på Dønhaug.

Paret slår fast at levestandarden er betre enn i Litauen. Der er det mykje arbeidsløyse og dyrt å leva.

I kjellaren i Uskedalen har dei eit biljardbord og laga eit opphaldsrom der arbeidarane kan slappa av og vera sosiale.

Arunas spelar basketball i Aktivitetshuset.